

# **LINDÅS KULTURRÅD**

12.02.18

Planavdelinga,  
Lindås kommune  
5914 Isdalstø

## **AD.REGULERINGSARBEID I LINDÅS KOMMUNE**

### **Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen**

Lindås kulturråd består av medlemmar frå kulturrelaterte lag i kommunen. Pr. 2018 representerer vi over 1500 einskildmedlemmer. Medlemslaget i Lindås kulturråd har ei mangeårig erfaring frå arbeid og aktivitet i lokalmiljøet sitt og er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Lindås kulturråd har ein samla kompetanse på kulturfeltet som det er viktig å ta med i utvikling av Lindås kommune som ein god stad å vere. Det er viktig for demokratiet og sluttresultatet at medlemslaget får eigarskap til arbeidet som skal gjerast. Difor er det avgjerande at Lindås kulturråd blir inkludert i planlegging så tidleg som mogleg og kan mobilisere kulturlivet. Informasjon som kjem inn på seinare tidspunkt kan både fordyre og forlenge prosjektet.

Kultur er «limet» i samfunnet. I planlegginga er det viktig at det vert lagt til rette for kulturelle arenaer og møtepunkt. Lindås kulturråd vil poengtere viktigheten av at planleggarane m.a. tek med i planlegginga følgjande moment:

- Det er viktig at Kommunedelplan for kultur vert lagt til grunn i reguleringsarbeidet.
- Nye bustadområde må ha møteplassar og forsamlingslokale kor det gode lokale kulturlivet kan utviklast.
- Det er viktig å tenke heilskap i bustadområda, både når det gjeld grøntareal, nærleik til skule og fritid, sykkelstiar m.m.
- Der det skal lagast veg/adkomst/parkering så må det vere tydeleg skilting og vegvising til kulturenarenaer, minnesmerke, kulturlandskap m.m.
- Kommunen og regionen treng sårt eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik -området. Dette vil ha stor betydning som samlingsplass og arena for kulturutvikling og vera bindeledd mellom dei ulike lokalene kulturenarenaene.

Mvh  
Styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne  
leiar  
-sign-